



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Elisabeth Time Ellingsen, 51568799

Høyring - Nytt biogassanlegg i Ølen - Biovind AS

Biovind AS søker Statsforvaltaren i Rogaland om løyve etter forureiningslova til nytt biogassanlegg i Ølen, Vindafjord kommune.

Du kan kome med merknader til søknaden **innan 23.05.2025**.

Kven søker:

Bedrift: Biovind AS
Lokalitet: Nerheim næringsområde, Ølen. Gnr/bnr: 290/210
Type verksemd: biogassproduksjon
Driftstid: døgndrift av anlegget

Dei søker om:

Biovind planlegg for mottak og behandling av 226 000 tonn per år av følgende typar gjødsel og organisk avfall, også omtalt som substrat:

- 188 000 tonn husdyrgjødsel (storfe, svin og kylling).
- 10 000 tonn fiskeslam og 2 000 tonn fiskeensilasje.
- 13 500 tonn slakteriavfall (blod, mage/tarm, fett/protein).
- 10 000 tonn matavfall frå stor- og småhushaldningar.
- 2 500 tonn kassert kraftfôr.

I søknaden skriv Biovind at dei forventar ein gradvis opptrapping av mengde og typar substrat. Matavfall vil krevje eit eige forbehandlingstrinn for å fjerne emballasje/plast.

Dei ulik substrata vil blandast i bioreaktor og inngå i ein anaerob prosess, kor det organiske avfallet vert brote ned og dannar gass.

Biogass:

Biogass vil gå vidare til oppgraderingsanlegg for å produsera flytande biometan og CO₂. Forventa årleg energiproduksjon er 109 GWh.



Biorest:

Det vil også dannast eit restgjødselprodukt frå biogassprosessen. Denne bioresten vert hygienisert og delt i flytande og fast fraksjon. Biovind planlegg at bioresten skal brukast til gjødsel i landbruket, og at det kan utviklast produkt av bioresten som kan brukast andre stader.

Utslepp og lukt

Det skal ikkje vær noko utslepp til vatn frå biogassanlegget. Alt vatn skal resirkulerast i prosessen.

Anlegget skal byggast med tanke på støyforebygging, kor ventilasjon, kjøleanlegg, kompressorar og pumper skal plasserast hensiktsmessig og isolerast.

Det skal være fakkelsystem for brenning av eventuell metangass i periodar med liten produksjon, innkøyring og vedlikehald.

Ein kan rekne med noko lukt frå anlegg som handterer organisk avfall og gjødsel. Biovind planlegg å reinsa lukta frå anlegget gjennom luktreinsetrinn. Mottak, lasting og lossing skal skje innandørs. Det er utført luktspreiingsberekning og ein luktrisikooanalyse som er vedlagt søknaden.

Transport:

Substrat vil transporterast inn, og biorest og gass vil transporterast ut med bil. Det forventast totalt ca. 35 køyretøy kvar dag når anlegget er i full drift.

Statsforvaltarens merknader

Søknaden vil bli behandla i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 36 om handsaming av løyver etter forureiningslova.

Statsforvaltaren er opptatt av at biogassanlegg har gode rutinar for mottak og sikrar at prosessen er optimalisert for å laga biogass og biorest av god kvalitet. Rogaland og Vestland fylke har mykje landbruk og me vil sikra at bioresten vert brukt på ein god måte, med omsyn til nytt gjødselregelverk.

Biovind må sikra at anlegget kan driftast utan at lukt vart til stor bry for naboar. Dette må kunne dokumenterast med prøvetaking og kartlegging når anlegget er i drift.

Anlegget vert omfatta av Industriutsleppsdirektivet (IED). Biovind sin vurdering opp mot BAT-konklusjonane og tilstandsklasse for forureina grunn vert lagt ut på Statsforvaltarens nettside.

Offentleg ettersyn - Du kan kome med merknader til søknaden

Statsforvaltaren vil sørge for at søknaden vert offentleg kunngjort i avis, og på Statsforvaltarens nettside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/Rogaland/Hoyringar/>

Merknader til søknaden kan du senda til Statsforvaltaren i Rogaland, postboks 59, 4001 Stavanger, eller til sfropost@statsforvalteren.no, innan **23.05.2025**. Merk saka med referanse: 2024/14056.

Alle uttaler vart arkivert, og vil nyttas i Statsforvaltarens vidare saksbehandling av søknaden.

Kommunal slutthandsaming

Statsforvaltaren ber også kommunen om å publisere søknaden på eigne kanalar.



Kommunen bes om å innhente uttaler frå eigen organ så langt ein finn dette naudsynt. Me ønsker spesielt å vite om kommunen har informasjon om lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna, som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden. Frist for kommunale uttale er **23.05.2025**.

Med helsing

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)
fagleder forurensing

Elisabeth Time Ellingsen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 BioVind AS - Søknad om utslippsløyve.pdf
- 2 Vedlegg 1 - Vurdering av biorest.pdf
- 3 Vedlegg 2 - Miljørisikovurdering.pdf
- 4 Vedlegg 3 - Luktrisikovurdering.pdf

Adresseliste:

VINDAFJORD KOMMUNE	Rådhusplassen 1	5580	ØLEN
DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB)	Postboks 2014	3103	TØNSBERG
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS	Diktervegen 8	5538	HAUGESUND
ØLEN BONDELAG	c/o Kjell Thomas Kirketeig Ølen	5580	ØLEN
ROGALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
SIGURD M SØVIK AS	Nesvegen 363	5567	SKJOLDASTRUMEN
Peder Ludvig Mosdal	Heiabøvegen 66	5580	Ølen
Sunniva Steinsland	Heiabøvegen 82	5580	Ølen
Runar Mosdal Havsgård	Heiabøvegen 82	5580	Ølen
LURHAUG INVEST AS	Saudavegen 5564	5585	SANDEID
Johannes Thomsen	Mannesvegen 209 A	4275	Sævelandsvik
TVEIT MASKIN AS	Postboks 34	5582	ØLENSVÅG
VIKEDAL EIENDOM AS	Movegen 7	5583	VIKEDAL
Torkel Andor Viland	Heinavegen 2 C	5515	Haugesund
Audun Økland	Heiabøvegen 133	5580	Ølen
Debora Steging Hustveit	Sandeidvegen 205	5580	Ølen
Johannes Malvin Hustveit	Sandeidvegen 205	5580	Ølen
Kjell Petter Søndena	Heiabøvegen 48	5580	Ølen
Mona Opheim	Heiabøvegen 56	5580	Ølen
BIOVIND AS	Sandeidsjøen 27	5585	SANDEID
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
Vestland Bondelag	Fjellvegen 11	6800	FØRDE